



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Formannskap MT	21.10.2019	03/19
Kommunestyret Midt-Telemark	11.11.2019	34/19

Saksansvarleg: Kristin Karlbom
Dahle

Arkiv: PLANNAVN-
Kommuneplanens arealdel - Midt-
Telemark kommune 2020-2032,
PLANTYPE-20, K1-140

Arkivsaknr.: 19/1873

Opptart av arbeid med arealdelen av kommuneplan for Midt-Telemark 2021-2033. Forslag til planprogram

Rådmannen tilrår:

Midt-Telemark kommune varslar om opptart av arbeidet med arealdel av kommuneplan for Midt-Telemark 2021-2033 jf. plan- og bygningslova §11-12 og forslag til planprogram leggst ut til offentleg ettersyn og høyring jf plan- og bygningslova §4-1.

11.11.2019 Kommunestyret Midt-Telemark

Behandling:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

MTKS- 34/19Vedtak:

Midt-Telemark kommune varslar om opptart av arbeidet med arealdel av kommuneplan for Midt-Telemark 2021-2033 jf. plan- og bygningslova §11-12 og forslag til planprogram leggst ut til offentleg ettersyn og høyring jf plan- og bygningslova §4-1.

21.10.2019 Formannskap MT

Behandling:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FMT- 03/19Vedtak:

Midt-Telemark kommune varslar om opptart av arbeidet med arealdel av kommuneplan for Midt-Telemark 2021-2033 jf. plan- og bygningslova §11-12 og forslag til planprogram leggst ut til offentleg ettersyn og høyring jf plan- og bygningslova §4-1.

Bakgrunn for saka:

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument som set mål for samfunnsutviklinga og legg rammer for bruk av areala i kommunen. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Tidspunkt for rullering av planen vert vedtatt i den kommunale planstrategien, som kvart nye kommunestyre skal vedta innan eit år etter at dei har blitt konstituert. Kommunestyra i Sauherad og Bø vedtok kvar sin planstrategi ved starten av førre kommunestyreperiode, men etter vedtak om kommunesamanslåing, vart desse erstatta av ein felles planstrategi for å sjå planbehovet for ny kommune samla. Jf. felles kommunal planstrategi for Sauherad og Bø 2017-2019 skal det utarbeidast ny arealdel av kommuneplanen for Midt-Telemark i 2019/2020 etter at samfunnsdelen for ny kommune er ferdig utarbeidd. Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedtatt av kommunestyret i Bø 11.2.19 og Sauherad 28.2.19.

Saksomtale:

Arealdelen skal følgje opp føringane i samfunnsdelen og vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen består av eit plankart, utfyllande føresegrer og retningslinjer og ei planomtale. Område avsett til utbygging i arealdelen av kommuneplanen, må normalt detaljplanleggast gjennom ein reguleringsplan før dei kan utviklast.

Bø og Sauherad har i dag kvar sine arealdelar som følgjer opp to ulike samfunnsdelar med andre mål og strategiar enn gjeldande samfunnsdel for Midt-Telemark kommune. I tillegg til dei to arealdelane er det ein eigen kommunedelplan for Lifjell. Jf. planstrategien er ikkje rullering av kommunedelplan for Lifjell prioritert i kommunestyreperioden. For å få ein oppdatert overordna plan for Lifjell og eit samla regelsett for heile den nye kommunen, vert det foreslått å innlemme kommunedelplanen for Lifjell i ny arealdel for Midt-Telemark. Dersom ein velger denne løysinga, vil ny arealdel erstatte både dei to gjeldande arealdelane for Sauherad og Bø kommunar og kommunedelplan for Lifjell.

Utarbeiding av ny arealdel er ein omfattande prosess som er styrt av prosess- og formkrav i plan- og bygningslova kap.11. Det er behov for å få på plass eit felles regelsett og ein plan som følgjer opp samfunnsdelen, og framdrift i arbeidet er difor vesentleg. Jf. §3-1 i plan- og bygningslova skal planlegginga «*bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetningar for gjennomføring og ikke være mer omfattende enn nødvendig.*». Gjeldande kommuneplanar er relativt nye. Arealdelen i Sauherad er frå 2017, arealdelen i Bø frå 2015 og kommunedelplan for Lifjell frå 2014, og planane har ei relativt lik oppbygging. Med ein nyleg vedtatt samfunnsdel med tydelege arealstrategiar, har ein eit godt utgangspunkt for å kunne gjennomføre ein effektiv planprosess. Det viktigaste fokuset bør vere å sørge for oppfølging av samfunnsdelen og få eit felles regelsett for heile kommunen.

Som ledd i varsling av planoppstart for arealdelen av kommuneplanen, skal det utarbeidast eit planprogram, jf. plan- og bygningslova §4-1. Planprogrammet er ein «plan for planprosessen» og skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen, opplegg for medvirkning, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar. Kommunen sender forslag til planprogram på høyring i 6 veker og legg dette ut til offentleg ettersyn samstundes med at ein varslar om at planarbeidet startar opp. Kommunestyret fastset planprogrammet etter høyring. Vedlagt følgjer forslag til planprogram der organisering, framdrift, utgreiingsbehov og sentrale tema er utdjupa.

På grunn av etablering av nye utval har ikkje utkast til planprogram vore lagt fram for utvala i forkant av behandling i formannskapet. Planprogrammet bør difor leggast fram for råd og utval i høyringsperioden.

Vedlegg:

03.10.2019

Planprogram

447105